



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 05.12.2024
Møtetid: 16:00 - -22:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordførar	SP
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Alexander Thunestvedt	Varaordførar	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Roy Håkon Jenssen	Medlem	SV
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Roy Husebø	Medlem	INP
Trygve Tønnessen	Medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Ruben Nielsen	MEDL	FRP
Helene Oppedal Flølo	MEDL	FRP
Renathe Tangen	MEDL	V
Janne Daltveit Tveit	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ingunn Vedå		FRP
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne		V

Følgjande frå administrasjonen møte:

Ingunn Vedå

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
RS 71/24	Årets Ostring	
PS 112/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 113/24	Godkjenning av møtebok 07.11.2024	
PS 114/24	Referatsaker og meldinger	
RS 72/24	Debatthefte	
RS 73/24	Politisk møteplan 2025	
RS 74/24	Utgreiing av mogleg bompengepakke på Osterøy	
RS 75/24	RS: Val av forliksråd for perioden 2025-2028	
RS 76/24	Orientering om utbygging av Bruvik sentrum del aust	
RS 77/24	Framlegg til budsjett kontrollutvalsarbeidet 2025	
RS 78/24	Tilbakerapportering - Oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport ressurskrevjande helse- og omsorgstenester	
RS 79/24	Orientering om prosessen angående høyring av melding om ny 420 kV kraftledning Sauda-Blåfalli-Mauranger-Samnanger-Øygarden	
PS 115/24	Budsjett og Økonomiplan 2025 - 2028	
PS 116/24	Planstrategi 2024 - 2027	
PS 117/24	Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027	
PS 118/24	Bokbussteneste i Osterøy kommune	
PS 119/24	Rapport - Forvaltningsrevisjon - Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering	
PS 120/24	Plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2028	
PS 121/24	Plan for eigarskapskontroll 2024 – 2028	

- PS 122/24** Planprogram for kommunedelplaner vassforsyning og avlaup med vassmiljø.
- PS 123/24** Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003
- PS 124/24** Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for høyring og utlegging til offentleg ettersyn
- PS 125/24** Avtale om uttak av råvatn frå Herlandsfoss kraftverk
- PS 126/24** Rangering av søknader om tilskot til verna kulturminne
- PS 127/24** Val av ungdomsråd for perioden 2025-2026
- PS 128/24** Supplering av medlem/varamedlem til Eldreråd 2023-2027
- PS 129/24** Søknad om fritak frå forliksråd
- PS 130/24** Supplering av medlem/varamedlem og utvalsleiar til forliksrådet 2025-2028
- PS 131/24** Søknad om fritak frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2023- 2027
- PS 132/24** Supplering av medlem/varamedlem til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) 2023-2027
- PS 133/24** Supplering av medlem/varamedlem for FRP til Levekårsutvalet 2023-2027
- PS 134/24** Supplering av medlem/varamedlem for FRP til formannskapet 2023-2027
- PS 135/24** Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

*Lars Fjeldstad*Ordførar

RS 71/24 Årets Ostring

PS 112/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 112/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Sak "PS 124/24 Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for høyring og utlegging til offentleg ettersyn" skal behandles før "PS 116/24 Planstrategi 2024 - 2027"

Ragnar Tyssebotn (Frp) har eit spørsmål om vatn og avlaup som han ønskjer å ta opp mot slutten av møtet.

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste

Votering:

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 112/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 113/24 Godkjenning av møtebok 07.11.2024

Handsaming i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 113/2024 Godkjenning av møtebok 07.11.2024:

Det var ingen merknader til møtebok

Votering:

Møtebok frå 07.11.2024 vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 113/2024 Godkjenning av møtebok 07.11.2024:

Møtebok frå 07.11.2024 vart godkjend

PS 114/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 114/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande

Vedtak i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 114/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande

PS 115/24 Budsjett og Økonomiplan 2025 - 2028

Handsaming i Heradsstyret - 05.12.2024 av sak 115/2024 Budsjett og Økonomiplan 2025 - 2028:

Innstilling frå Formannskapet:

«Budsjett for 2025, økonomiplan 2025-2028 samt investeringsplan for 2025-2028 vert vedteke på grunnlag av Kommunedirektøren si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2025:

Midlar til fordeling 657 027

Kommunedirektør og stabsseksjonar 50 915

Oppvekst, undervisning og kultur 238 688

Helse,omsorg og sosial 272 575

Samfunnsutvikling(inkl sjølkost) 42 707

Sentrale poster inkl sentrale utgifter 29 424

Sum 634 309

Brutto resultat 22 717

Finans - motpost avskr 22 274

Netto resultat 443

Bruk av bundne fond 2 000

Avsetning til disposisjonsfond 2 443

Årsoverskot -

1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 4,1 % frå 01.01.25 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

2. Med verknad frå 01.01.2025 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2025»

3. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 1.1.25 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2025 Plan-teknisk forvaltning - framlegg» med heimel i plan og bygningslova §33-1.

4. Renovasjonsgebyr.

a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhører Osterøy Kommune.

b. Prisen på renovasjonstenesta for 2025 vert auka med 35,0 %. Prisene for eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane aukar med 100%. Kommunal påslag vert sett til kr 8,- eksl mva for 2025 .

c. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2025.

5. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).

6. Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:

- a. Korttidsplass Mindre enn 9 timar veke kr. 2150 (økt med 7,5 % frå 01.01.25) Kr. 2250 (økt med nye 5 % frå 01.08.25)
 - b. Halvplass 10-14 timar veke kr. 2 550 (økt med 6,25% frå 01.01.25) Kr. 2700 (økt med nye 6,25% frå 01.08.25)
 - c. Heil plass Meir enn 15 timar veke kr. 3 100 (økt med 6,9% frå 01.01.25) Kr. 3 300 (økt med nye 6,9% frå 01.08.25)
 - d. 12 timars gratis tilbod 1.-3. klasse kr. 0,-
13 timar eller meir 1.-3. klasse kr. 1 400,- (økt med 7,6% frå 01.01.25) kr. 1 600,- (økt med nye 23% frå 01.08.25)
- Dagsats kr. 450,- (økt med 12,5% frå 01.01.25) Kr. 500,- (økt med 12,5% frå 01.08.25)
Sats enkelttimar kr. 110,- (økt med 10% frå 01.01.25) Kr. 120,- (økt med 10% frå 01.08.25)
Gebyr ved sein henting kr. 325,- (økt med 8,3% frå 01.01.25) Kr. 350,- (økt med 8,3 % frå 01.08.25)

7. Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 750,- pr år dvs ingen endring.

8. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2025 frå helse- og omsorgsdepartementet.

9. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarende endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

10. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2025 vert kr 81,48 millionar, herav sjølvkostlån kr 38,0 millionar.

11. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 22 millionar. 12. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna
kommunedirektøren finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

13. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2025.

a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

b. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.

c. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

d. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre

e. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedomsskattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

14. Saker som kan medføre endring av dei vedtekne budsjetttrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

15. Kommunedirektøren har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

16. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

17. Budsjetttramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,930 millionar inkl kommunal

tenesteyting.

18. Budsjettforslaget for kontrollutalvet vert kr. 2 347 000,- .

tilleggsforslag:

- 500 000 til uventa kontrollarbeid vert kutta og avsett til disposisjonsfond
- Mogleighetsstudie Osterøy ungdomsskule vert tatt ut av investeringsbudsjettet
- Bokbuss vert tatt ut av investeringsbudsjettet

Felles tilleggsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap), Roy Håkon Jenssen (Sv), Bjarte Hammer Aarland (Krf), Turid Bjørndal Njåstad (Sp):

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett vert vedteke med fylgjande endringar:

Drift:

Kutt:

Økonomisk rådgjevarstilling halverast: 425 000

Marknadsstilling halverast: 425 000

Kontrollutvalet budsjett: 500 000

Sjukefråverbudsjett helse og omsorg: 451 000

Ferievikarbudsjett Helse og omsorg: 549 000

Avdelingsleiar omsorgsstilling halverast: 490 000

Totalt: 2 840 000

Kommunedirektøren får fullmakt til mindre justeringar på kutta så lenge dette er innafor rammene, der det kan visast til at dette er naudsynt. Evt endringar på spesifiserte kutt i endringsframlegget skal rapporterast på i tertialrapportane.

Styrkingar:

Reduserte eigenandel til aktivitet for låginntektsfamilier: 175 000

Ferievikarar barnehage: 300 000

Kontaktlærarar i ungdomsskulen: 125 000

Vårinntak barnehageplass i 1. barnehage: 410 000

Prøveprosjekt økt bemanning særskilte oppg. Barnehage: 330 000

Jordmortenesta vert beholdt på dagens nivå: 400 000

Utstyr til heimesjukepleie (Ytterklede): 100 000

Til disposisjonsfond: 1 000 000

Investering:

Posten bokbuss på 1 000 000 vert stroke

Posten moglegstudie Osterøy Ungdomsskule på 1 000 000 vert stroke.

Verbalframlegg:

I statsbudsjett løyver regjeringa 1 618 000 kr ekstra til auka bemanning i SFO og Barnehage. Desse midlane var ukjente då budsjettet for 2025 vart lagt. Om desse midlane kan brukast til satsinga heradsstyret har lagt inn på ferievikarar og vårinntak barnehage ynskjer heradsstyret at overskytande midlar frå satsing på prøveprosjekt og vårinntak omfordelast slik:

200 000 til reversing av kutt driftsmidlar skule.

540 000 til vedlikehald av kommunale vegar.

I forbindelse med tertialrapport skal det leggst fram ei oversikt over organisasjonsstrukturen med stillingsbeskrivelse og antall stillingar i Osterøy kommune frå topp til bunn. Heradsstyret ynskjer også rapport frå arbeidet med organisasjonsstruktur som kommunedirektøren er i gang med når dette er ferdig.

I forbindelse med 1. tertialrapport skal det leggst fram oversikt over moglege innsparingar på lisensar og konsekvensane av innsparingsforslaga.

Kommunedirektøren skal prøve å unngå innleige fra bemanningsbyrå. All innleige av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar fra bemanningsbyrå skal avtalast skifteleg med fagforeining med innstillingsrett etter arbeidstvistlova for den arbeidstakarkategorien innleiga gjeld. Unntak frå kravet om skifteleg avtale gjeld om man ikkje kan løyse lovleg forsvarleg bemanning utan.

Undersøke mulighetar til å få ned vikarbruk i kommunen gjennom fleire faste, heile stillingar. Rapportering til administrasjonsutvalet 5. Kommunedirektøren undersøker om dei tilsette i barnehagane over 55 år kan få høve til å ta tre samanhengande ferieveker om sommaren og få høve til å velje å avvike dei to siste ferievekene i vinterhalvåret (Seniortiltak). Eit slikt tiltak vil medverke til innsparing i vikarbudsjettet sommar og haust.

Tilsettingsstopp i mellomleiarstillingar og administrative stillingar vidareførast. Vi ber om at kommunedirektøren så langt som råd unngår nytilsettingar i denne typen stillingar. Nye personalbehov må så langt som råd løysast ved omdisponering av eksisterande personalressursar, anten innanfor kommunedirektøren sin styringsrett eller gjennom endringsoppseiingar. Ved naturleg avgang må det vurderast nøye om personalbehovet dette utløyser kan dekkast gjennom omdisponering heller enn å tilsette ny for den som går av.

Kommunedirektøren undersøker om det er mogleg å få til eit samarbeid med helseføretaket om ei delt jordmorstilling med 50% som kommune jordmor og 50% stilling på fødeavdelinga Haukeland

I løpet av 2025 og seinast før budsjetthandsaminga for budsjett 2026 skal kommunedirektøren greie ut ei sak om langsiktig og berekraftig finansiering av Osterøy Utvikling. Dette må sjåast i samheng med ein evt. framtidig næringsstragi for Osterøy. I tillegg skal saka innehalda tilråding for kva ein skal gjere med bygningsmassen som ligg i selskapet som kommunen i dag leiger.

Fellesforslag fra Høyre:

Høyre sitt alternative budsjett for Osterøy kommune 2025

Innleiing

Osterøy Høyre er ikkje samd med alle formannskapet sine tiltak og prioriteringar som vedteke av posisjonen 20. november 2024, og presenterer derfor i dette dokumentet eit alternativt framlegg til kommunen sitt budsjett for året 2025.

Høyre meiner at kommunen si bemanning i sentrale tenester allereie er blitt så låg at den går ut over dei tilsette si helse, og at vidare kutt derfor ikkje er forsvarleg. Dette er knytt til det første overordna målet i Kommuneplanen sin samfunnsdel: **Berekraftig forvaltning av livsgrunnlaget.**

Me meiner også at det er viktig å skjerma våre barn og unge – kommunen si framtid – i større grad for nye kraftige kutt. Dette er grunna det andre overordna målet i Samfunnsplanen: **Gode levekår og attraktive lokalsamfunn.**

Me vil også prioritera næringsutvikling for å skapa eit håp om betre økonomiske tider på sikt, med fleire innbyggjarar og arbeidstakarar, som igjen styrkjer kommunen sitt inntektsgrunnlag. Dette heng saman med det tredje og siste overordna målet i Samfunnsplanen: **Framtidsretta og mangfaldig næringsliv.**

Budsjettframlegget

Osterøy Høyre sitt budsjettframlegg er basert på kommunedirektøren sitt opphavlege framlegg til formannskapet, med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Eining	Endring	Skildring
Kommunedirektør og stabseksjonar		
Politisk - Adm sekretariat -150.000		Nedlegging av Levekårsutvalet frå 1. januar 2025
Politisk - Adm sekretariat -474.000		Kontrollutvalet sin post «Uføresett kontrollarbeid» vert heldt uendra på 50'.
Service, dokumentasjon og informasjon -	1.600.000	Endring av 400 brukarlisensar frå Office 365 E5 EEA til Microsoft 365 F3

Eining	Endring	Skildring
Oppvekst, undervisning og kultur		
Barnehage	+1.100 000	Reversering av «4 årsverk barnehage nedtrekk grunnbemanning samt redusert foreldrebetaling»
Barnehage	+450.000	Reversering av «Reduksjon individuell tilrettelegging/spesped barnehage hausten 2025 1,45 årsverk»
Skule	+125.000	Reversering av «Redusere tal kontaktlærar ungdomsskulen»
Skule	+1.500 000	Reversering av «4 årsverk nedtrekk skule haust 2025»
Skule	- 1.250.000	Halvering av vikarbudsjett frå 2,5 mil til 1,25 mil grunna 4 årsverk «redda»
Skule	+200.000	Reversering av «Redusert undervisningsmateriell»
Kultur og mangfald	+90.000	Medlemskap i Kulturverntenesta i Nordhordland.
Familiens hus	+400.000	Reversering av «Reduksjon av jordmortenesta»
Familiens hus	+150.000	Reversering av «Reduksjon i kjøp frå staten»
Helse, omsorg og sosial		
Heimeteneste	-490.000	Avdelingsleiar Omsorgsteam omgjort til 50% stilling
NAV sosial	-850.000	Ny marknadsstilling ikkje oppretta i 2025
Samfunnsutvikling		
Miljø og teknikk	+799.000	Driftstilskott til Osterøy Utvikling sitt arbeid med næringsutvikling i kommunen
Balanse:	0	

Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekt	2025	2026	2027	Skildring
Sjølvcost				
Høgdebasseng Hauge	0	0	0	Utsett til Kommunedelplan for vassforsyning er presentert og gjennomgått i heradsstyret, som etterlyst i HS 97/24
Tiltak avlaup Tysse	0	0	0	Manglar grunngrjeving i økonomiplanen
Samfunnsutvikling				
Moglegstudie Ungdomsskule	0	0	0	Ikkje aktuelt grunna omfattande oppussing av OUS
Bokbuss	0	0	0	Ikkje aktuelt
Helse, omsorg og sosial				
Ombygging Reigstad - samenslåing	0	0	0	Allereie dekkja av Samfunnsutvikling: Bustader Reigstad

Ein generell merknad til investeringsbudsjettet er at mange prosjekt er lite skildra og grunngrjeve. Det gjer at det vert ei utfordring for Osterøy Høgre si gruppe å «gå god for» budsjettet og vera ansvarlege for det når det er utdeleg kva kommunen sine planar er. Me ynskjer at kommunen sin administrasjon beskriv betre når investeringane løper på fleire tital millionar i lån kvart år i innbyggjarane sitt namn. Under er døme på postar me synst er problematiske:

- Oppgradering VA avlastning:** Nødvendig investering for å få åpnet opp stengt del av Osterøy Avlastning. 750.000,-
Kva og kvar er «Osterøy Avlastning» og kva del er stengt som no må opnast, kvifor er det nødvendig å opna denne delen, kvifor var den stengt i utgangspunktet, og kva er det som gjer at det skal kosta så mykje å opna den opp?
- Sovehus barnehage:** Gjeld nye sovehus til barnehagene. Ulik standard på sovehusene og inkluderer nybygg på dei barnehagane med dårligst standard og utbedring av sovehusene på 2 barnehager. 1.200.000,-
Ikkje alle veit kva eit «sovehus» er. Er dei mykje meir enn eit ope grindbygg for barnevognar? Kvar skal dei nye byggjast, kvar skal dei eksisterande vølast, og kvifor er dei så ekstremt dyre?
- Kjøp legeutstyr Valestrand:** Midler til å kjøpe utstyr til Valestrand legekantor. 250.000,-
Kva utstyr er dette? Er det ei utskifting av defekt eller utdatert utstyr, eller grunna nye behov?

- **Ombygging Reigstad - samenslåing:** Samanslåing av to leilegheiter for å få meir optimal drift i Bu og Avlastningstenesten. 500.000,-
Er ikkje dette dei same leiligheitene som er ført opp i Samfunnsutvikling «Bustader Reigstad»? Kvifor forventar ein at det vil kosta ein halv million å slå saman to leiligheiter? Kvifor og korleis gir det «meir optimal drift»?
- **Osterøytunet - investeringer**
Kva er grunnen til at denne posten er ført opp under Samfunns- utvikling i 2027, men i Helse, omsorg og sosial alle andre år?
- **Peraplassen oppgradering:** Nødvendig oppgradering og tilpassingar av Peraplassen. 2.500.000,-
Som i første investeringspost på denne lista er heller ikkje denne tilfredsstillande skildra: Kva har ført til at noko uspesifisert er nødvendig å oppgradera og tilpassa på Peraplassen? Kva nye føresetnader gjeld no som ikkje gjaldt tidlegare?
- **Vassleidning Tråæ-Votlo:** Rehabilitering av vassleidning Votlo-Tråæ. Planlagt oppstart av prosjektet i 2026. 750.000,-
Kvifor er ikkje denne investeringa del av Sjølvkost?

Andre innspel til budsjettet

Innspela under kjem for seint for å påverka neste års budsjett, men for å utvikla eit betre budsjett for 2026 kan Osterøy kommune dra nytte av følgjande forslag, basert på dialogen mellom dei politiske partia og administrasjonen før handsaminga av 2025-budsjettet, og tilgjengelege ressursar som KOSTRA-data pluss kommunen sine eigne prioriteringar:

1. Bruk av KOSTRA-data for samanlikning

- Sammenlikn ressursbruken i Osterøy med andre kommunar i same kategori for å finna område med potensiale for effektivisering. Til dømes kan funksjon 120 (administrasjon) analyserast for å vurdere om organiseringa kan forbetrast.

2. Betre konsekvensutgreiing av tiltak

- Mange av dei føreslegne budsjettkutta manglar grundige skildringar av konsekvensane for tilsette og brukarar (t.d. innan oppvekst og barnehage). Sørg for at alle tiltak vert vurderte opp mot dei langsiktige måla for tidleg innsats og førebygging, som prioritert i Kommuneplanen sin samfunnsdel.

3. Styrking av tidleg innsats

- Bruk det reduserte barnetalet som ein sjanse til å prioritere tidleg innsats. Ved å investere i førebyggjande tiltak, som TIBIR og BTI, kan langsiktige kostnader innan barnevern og spesialundervisning reduserast.

4. Effektivisering og digitalisering

- Undersøk moglegheitene for ytterlegare digitalisering av tenester, spesielt i administrasjonen, for å redusere manuelle oppgåver. Gjennomgang av eksisterande fagsystem kan vere ein del av dette.

5. Rekruttering og oppbemanning i kritiske stillingar

- For å redusere overtidskostnader og sjukefråvær bør kommunen vurdere auka grunnbemanning i helse- og omsorgssektoren. Dette kan finansierast ved å redusera bruken av vikartenester.

6. Langsiktige investeringar og vedlikehald

- Evaluering av investeringsprosjekt som bilparken og VA-prosjekt bør ta omsyn til langsiktige innsparingar.

7. Samarbeid med nabokommunar

- Utvid interkommunalt samarbeid innan barnevern, NAV og teknisk forvaltning. Dette kan redusere kostnadane og samstundes oppretthalde eller auke kvaliteten på tenestene grunna sterkare fagmiljø.

8. Gjennomgang av vikarpool-ordningar

- Ordninga med vikarpool i barnehagane har vist seg effektiv, men kan ho skalerast eller nyttast i andre sektorar som helse eller skule? Ein pilot for dette bør vurderast.

9. Budsjettarbeid og kommunikasjon

- Engasjer politikarar og innbyggjarar endå tidlegare i budsjettprosessen med opne diskusjonar og tydeleggjering av prioriteringar. Dette kan bidra til breiare støtte for naudsynnte tiltak.

10. Kartlegging av eigedommar og sal av unytta kapasitet

- Om kommunen hadde hatt ein vedlikehaldsplan for kommunale bygg kunne ein etter ein gjennomgang av eigedomsporteføljen selt unna aktiva som ikkje er i bruk, eller er overflødige. Alternativt vurderer meir effektiv bruk eller utleige.

11. Regelmessig gjennomgang av lisensar

- Har Digitalisering rutinar på jamleg gjennomgang av kommunen sin bruk av programvarelisensar?
- Brukar kommunen alle system / digitale tenester den betalar for?
- Finst det rimelegare alternativ? («Me har alltid brukt det» er ikkje eit argument!)
- Finst det gratis programvare som kan brukast i staden for betalt programvare? (Til dømes GIMP i staden for Adobe Photoshop)
- Finst det tilsette som har «feil» lisens (og soleis driv kostnadane unødvendig)?
- Har (mellom)leiarar rutinar for å varsle Digitalisering eller tenesteleverandør når ein person sluttar, og konto skal avsluttast (og lisens frigjerast)?
- Er mellomleiarar ansvarlege for å følgja med på bruk av spesial-programvare, og om slike lisensar enno er i bruk?

12. Utprøving av LEAN-metodikk

- Å nytta LEAN-metodikk i Osterøy kommune kan bidra til betre ressursutnytting, meir effektive arbeidsprosessar og auka verdi for innbyggjarane. For å lukkast med LEAN, bør kommunen:
1. **Kartleggje arbeidsprosessar:** Involver tilsette for å kartleggje dagens praksis og identifisere forbetningsområde.
 2. **Setja tydelege mål:** Prioritera tiltak som har størst påverknad på brukarar og ressursbruk.
 3. **Gi opplæring:** Sikra at leiarar og tilsette forstår og kan nytta LEAN-verktøy som «tavlemøte,» «verdistrømsanalyse» og «kontinuerlege forbetringar.»

Måla resultat: Overvake forbetringar og justera tiltak basert på erfaring.

Forslag frå Kim Andre Hartveit (Frp):

Budsjettforslag frå Osterøy FrP

Nok eit budsjett stramt budsjett skal vedtakast Med kommunen sin økonomiske situasjon, og stadig knappare rammer frå regjeringa, i forhold til konsumprisindeks, er det naudsynt å ta grep som gjev verknad.

Me er likevel ueinige i ein del av dei kuttforslaga som administrasjonen har lagt inn, og gjer om på dei då verknaden vil verte uakseptabel. Me vidarerfører også tidlegare vedtekne kutt.

Det er ein del postar som har vorte neglisjert i budsjettarbeid i lang tid. Både av oss, men og av administrasjonen. Dette gjeld vedlikehald av bygg og vegar. Me prioriterer derfor å få rusta opp kommunale vegar litegrann, då mange av desse vegane er i så dårleg forfatning at det er fare for skade på bilar når folk ferdast langs vegane. Det er og eit skrikande behov for å auke midlar til normalt vedlikehald av kommunale bygg, og aukar ramma litt til dette. Denne posten skulle vore større, men skal folk kunne bu i kommunen, må dei også komme til og frå husa sine. Difor må me ta vegane først.

Me snur og om på ein del av dei skisserte kuttforslaga i sektorane. I helse og omsorg er det eit behov for å endre på ein del ting, men nokre av dei foreslåtte endringane er me ueinige i og snur om på. Skal me ha vekst i barnetal, må me nesten kunne tilby ei jordmor.

Difor går me ikkje med på å kutte i det.

Det er og lagt opp til ein del kutt i oppvekstsektoren som ikkje er i tråd med vedtekne mål for barn og unge. Ein del av desse snur me difor heilt eller delvis.

Me vel og å prioritere å få bygd vegen frå Kleiveland til Stokken. Dette er eit ope sår frå gamal tid, som det er på høg tid å få avslutta. Dette må byggast som spleiselag mellom kommunen og grunneigarane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak vert vedteke med følgande endringar i forhold til kunngjorte dokument:

- Utval for levekår vert avvikla med årseffekt frå og med 1.1 2025. Oppgåvene til utvalet vert lagt attende til formannskapet/heradstyret. Innsparing 150 000
- Det vert teke ein full gjennomgang av programlisensar og abonnement til kommunen. Innsparing vert sett til 2 millionar kroner. Dette er ei sak som kommunedirektøren har tatt til orde for, og som er ei fornuftig sak å få sett på dagsorden. Summen som er sett, er oppnåeleg, men tala kan og verte høgare.
- Det vert ikkje oppretta ny marknadsstilling . Endring i sum er 850 000 kr
- Avdelingsleiarstilling Omsorgsteam vert oppretta som ei 40% stilling inntil vidare. Sum endring kr 588 000.
- Familiekoordinatorstillinga vert oppretta som ei 50% stilling inntil vidare. Endring kroner 425 000 Alle stillingar bør være 100% stillingar om oppgåvene tilseier det. Men, når alternativet er å slette stillingane heilt, meiner me dette er ei betre løysing gi noko. Dei resterande prosentane til ei full stilling må då naturleg nok kombinerast saman med anna arbeid/stilling som allereie ligg inne i rammene slik at den tilsette får så stor stilling som ønskt eller full stilling.

I dokumentet ligg det og inne ein post der administrasjonen foreslår å reversere tidlegare vedtekne innsparingar. Dei innsparingane som tidlegare er vedtekne, må sjølvstendig gjennomførast om det skal være noko poeng i å vedta innsparingar i det heile. Dermed:

- Tidlegare vedtekne innsparingar i sektor for Helse, Omsorg og sosial vert ikkje reverserte. Sum endring 5.779 000 kroner
- Tidlegare vedtekne innsparingar i Sektor for oppvekst, undervisning og kultur vert ikkje reverserte. 3.697 000 kroner.
- Tidlegare vedtekne uspesifiserte innsparingstiltak i kommunedirektør og stabsseksjonar vert ikkje reverserte. 684 000 kroner.

Sum til fordeling etter endring er 14 173 000 kroner

Følgande endringar i driftsbudsjett vert lagt inn i høve til framlegg frå kommunedirektøren:

- Kutt av 4 årsverk barnehage vert endra til kutt av 2 årsverk. Kostnad 550 000 kr
- Føreslege kutt av individuell tilrettelegging/ spesped barnehage vert halvert og endra til 225 000 kroner.
- Det vert ikkje redusert innkjøp av undervisningsmateriell. Kostnad 200 000 kr
- Det vert ikkje kutta 4 årsverk i skulen. Dette vert endra til 2 årsverk. Kostnad 750 000 kr.
- Det vert lagt opp til barnehageopptak heile året for barnehagar med ledig kapasitet. Kostnad med dette er rekna som innsparing i drift – kutt i vikarbruk og går mot ein annan

jamfør døme frå kommunedirektøren i budsjettframlegget, og tidlegare presenterte kostnadskalkylar på dette frå tidlegare år.

- Det vert ikkje reduksjon av jordmorstilling. Kostnad kr 400 000
- Det vert sett av kroner 750 000 kroner til veg Kleiveland Stokken
- Det vert sett av kroner 10 000 000 til vedlikehald og asfaltering av kommunale vegar
- Det vert sett av kr 173 000 til riving av gamle Tysse skule.
- Det vert sett av kroner 1 000 000 til vedlikehald av kommunale bygg.

Sum er dermed diponert likelydande disponible midlar.

Ny ramme for sektorane vert dermed sett slik:

- Helse, omsorg og sosial: 262 249 000 kroner.
- Oppvekst, undervisning og kultur: 237 946 000 kroner
- Kommunedirektør og stabsseksjonar: 49 177 000 kroner. Merk at innsparing i abonnementskostnader er lagt her. Om desse skal fordelast meir sektorvis får kommunedirektøren fullmakt til å endre dette.

Alle vakante stillingar i alle sektorar vert trekte tilbake. Å halde stillingar vakante meiner me gjer at organisasjonen ikkje vert tilpassa til faktum. Dermed vert ikkje oppgåvene delegerte vidare slik dei må. Det meiner me er uheldig. Difor vert dette gjort, og stillingane må heller opprettast på nytt seinare når økonomien tillet det.

Endringar i investeringsbudsjett:

- Samtlege tiltak sjølvkost vert sett på vent til oppdatert VA plan er vedteke. Det er ikkje fornuftig å vedta ein auke i rammene for sjølvkost på 38 millionar kroner utan at det føreligg ein plan på at desse investeringane er ønskt eller påkrevd. Det vert opna for revisjon av postane undervegs i driftsåret om plan eller anna dokumentasjon vert framlagt.
- Kjøp og innløyning av grunn vert endra til kroner 0. midlar til dette vert sett av frå sak til sak av formannskapet eller Heradstyret (etter kva fullmakter som gjeld) Investeringsramme for Samfunnsutvikling vert dermed endra frå 41300 til 38300.
- Bokbussen vert fjerna frå investeringsplanen. Dette konseptet er ikkje ei god løysing for framtida, og tenesta vert oppmoda om å tenkje på andre løysingar som likevel sikrar skular med meir eit godt boktilbod. investeringsramme for Oppvekst, undervisning og kultur vert endra til 2 mill.

Samla investeringsramme for 2025 inklusive sjølvkost er dermed justert ned frå 91.550 til 49.550 millionar.

Andre tiltak: Kommunale eigedomar og bygg som ikkje er naudsynt for kommunal tenesteyting, kulturverdiar og kulturminne, eller inngår i strategiske utviklingplanar for kommunen skal avhendast. Dette gjeld og skogteigar, landbrukseigedomar med meir.

Dei budsjettmessige endringane som er foreslått i dette budsjettet er enten vore på høyring allereie, eller vedtekne. Forslaget løyser dermed ikkje ut trong for ein ny høyringsrunde.

Protokollmerknad frå Roy Husebø (Inp):

Osterøy INP sitt alternative budsjett for Osterøy kommune 2025 med kommentarer
Osterøy INP stiller spørsmål med både formannskapet sine tiltak og til de prioriteringer som der ble vedtatt 20. november 2024, og presenterer derfor i dette dokumentet kommentarer til kommunen sitt budsjett for året 2025.

Budsjettforslaget er så uansvarlig og mangelfullt at det ikke bør stemmes over i det hele tatt. Alternative budsjettforslag uten at investering fryses i sin helhet i 2025 vil medføre nye gigantiske underskudd for kommunen.

Osterøy INP konstaterer at kommunen foreslår å redusere bemanning i sentrale tjenester og som direkte rammer svake grupper som allerede har fått så store kutt. Tidligere kutt går allerede direkte utover tilsatte som igjen påvirker de gjenværende tilsatte sin helse og sykemeldingsprosent. Vikarbruk som konsekvens vil påvirke administrasjonens budsjetter betydelig negativt. Videre kutt er direkte uforsvarlig og ser en dette opp mot at kommunen nå har ansatt en ny jurist og en ny stilling til er planlagt lyst ut vil de samlede kostnader inklusive sosiale kostnader bare for disse to stillingene inkludert sosiale kostnader passere 2 millioner.

Vi forstår det også slik ast juristen er håndplukket fra Alver Kommune!

Det mangler redegjørelse for behov og årsak og hvor er bærekraften i det fremlagte budsjettet.

Kommunaldirektørens budsjettforslag skjermer ikke våre barn og unge, tvert imot og vil direkte ramme kommunen og innbyggerne sin fremtid i kommunen.

Det legges i budsjettforslaget ikke opp til gode levevilkår og attraktive lokalsamfunn, men styrking av kommuneadministrasjonen og fortsatt ukontrollerte investeringer, som de siste 4 årene åpenbart dokumenterer, både jf manglende prosjektstyring, konkurranser i strid med FOA del 2 og 3, betydelige kostnader som følge av rettsaker og forlik og listen er lang.

Budsjettet antas å legge opp til økte bevilgninger medio 2025 på lik linje med 2024.

Næringsutvikling må og bør fryses i 2025 herunder alle tiltak som påfører kommunen kostnader. osterøy INP er definitivt for næringsutvikling, men realismen i den økonomiske situasjonen tilsier full stopp i minst 12 måneder, det i et forsøk på få reddet kommuneøkonomien. Dem som stemmer for kostnadspåføring for næringsutvikling i 2025 opptrer direkte uansvarlig jf den kritiske situasjonen kommunen er i.

Side 2 av 9

Loven er tydelig:

Dersom det skjer endringer i budsjettåret som kan få betydning for de inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal og plikter Heradsstyret å foreta nødvendige endringer i budsjettet. Det følger av dette at Heradsstyret skal foreta nødvendige endringer i årsbudsjettet ved vesentlig svikt i budsjetterte innt

ekter eller ved vesentlig økning i budsjetterte utgifter. Det vil også kunne være behov for endringer i årsbudsjettet selv om den totale budsjettbalansen ikke er forrykket. Kravet til budsjettregulering gjelder også for enkelte bevilgninger når forventede utgifter overskrider de enkelte rammer som er vedtatt i årsbudsjettet. Det er nivå for budsjettvedtaket som er styrende for budsjettets bindende karakter.

Kravet til budsjettreguleringer må ses i sammenheng med de alminnelige kravene til årsbudsjett (budsjettbalanse, realisme og hjemmel for å disponere midler), og at disse kravene også gjelder gjennom budsjettåret. Dette innebærer at forsinkelser eller forseringer av investeringsprosjekter som påvirker kommunestyrets bevilgninger (jf skjema 2B), må innarbeides i et revidert budsjett når avvikene tilsier det.

- Tilsvarende gjelder for forventninger om økninger eller reduksjoner i utgifter eller inntekter.

Budsjetterte prosjekter som ikke er iverksatt eller fullført innenfor planlagt budsjettår, skal tas med i årsbudsjettet for påfølgende år, enten i det ordinære budsjettvedtaket eller i forbindelse med en budsjettregulering.

Det er viktig å presisere at det ikke vil være tilstrekkelig for å oppfylle lovens krav å legge til grunn at investeringsprosjekter anses fullfinansiert etter en vedtatt økonomiplan eller tidligere års budsjettvedtak. Vedtatt økonomiplan eller tidligere års budsjettvedtak kan ikke regnes som bevilgninger som kan disponeres i inneværende år.

Så videre næringsutvikling for å skape et håp om bedre økonomiske tider på sikt, med flere innbyggere og arbeidstakere er ett et urealistisk luftslott som utelukkende vil svekke kommuneøkonomien på kort, det vil definitivt svekke kommuneøkonomien, ikke styrke den.

Et fremtidsrettet mangfoldig næringsliv må komme i rekkefølge etter at kommuneøkonomien «stages» tilbake på et akseptabelt nivå, ikke nå og ikke før.

Budsjettframlegget – konsistens og forståelse:

Investeringsbudsjettet er ettårig, altså årsavhengig.

Side 3 av 9

Årsbudsjettet er bindende for underordnede organer, og årlige bevilgninger er nødvendig for å kunne pådra utgifter i budsjettåret.

Investeringsbudsjettet må reguleres ved behov for å tilfredsstille krav til balanse og realisme

Alle midler er frie og anses som felles finansiering av investeringsporteføljen, unntatt øremerket finansiering fra andre.

Begrepet udekket/udisponert gjelder differansen mellom samlet tilgang og samlet bruk av midler i året for investeringsregnskapet, og ikke avvik på de enkelte investeringsrammene eller avvik på enkeltprosjektnivå.

Budsjettet som er framlagt er så mangelfullt og fremkommer for fagfolk som et bestillingsverk for å styrke administrasjonen og svekke underavdelinger og kommunens tjenesteleveranse til innbyggerne.

Det er ikke mulig for Osterøy INP å kunne stemme for kommunedirektørens forslag, et forslag som vil gå direkte utover Osterøy kommunes innbyggere og ramme de allerede svake og utsatte.

Det fremkommer form oss slik:

Økonomiplanlegging i kommunen baserer seg på synsing og lav kvalitet, budsjettet skal være et politisk redskap og ikke et fremlegg som forsøker å balansere budsjettet for å unngå Robek og påfølgende forvaltningskontroll.

Som folkevalgt har vi ansvar for kommunens økonomi.

Osterøy Kommune er i prinsippet insolvent, selv om en kommuner ikke kan slås konkurs. Men dersom ikke ansvarlige vedtak besluttet vil kommunen innen kort tid måtte melde fra til Statsforvalteren, konklusjonen baserer seg på den betydelige negative økonomiske utviklingen over tid, en utvikling som akselerer.

I verste fall vil det fremlagte budsjettet dersom vedtatt medføre betalingsinnstilling som igjen må besluttet av Heradsstyret. Kommunen plikter da å informere departementet om vedtaket, og departementet sørger for kunngjøring av beslutningen. Departementet oppnevner en tilsynsnemnd, som tar over styringen av kommunens økonomi. Som kommuneloven foreskriver: Ingen utbetalinger foretas uten godkjenning fra tilsynsnemnda.

Så valget om kommunens fremtid avhenger nå av flertallets ansvarlighet ovenfor sine innbyggere og velgere.

Konsekvenser:

Side 4 av 9

A – havne på Robek

B – Vurdere strategiske sammenslåinger med andre kommuner

C – Innføre betalingsstopp når disposisjonsfondet er tomt og det ikke lenger er frie midler til normal drift.

D – Omarbeide budsjettet – fryse investeringer i 2025 i et forsøk på å:

1. Opprettholde kommunens tilbud
2. I et forsøk på å få kontroll over den økonomiske situasjonen
3. Bygge fremtidig forutsigbarhet og økonomisk stabilitet

For å lykkes med økonomien er vi politikere avhengig av å forstå hvilket handlingsrom kommunen har og hvordan dette kan utnyttes. Alt vi i Osterøy INP har sett og erfart fra kommunen er at budsjetter sprekker med tyvetalls millioner år etter år, det er lite og stort sett ingen substans i de budsjetter som leveres fra administrasjonen, dette har historien ettertrykkelig dokumentert og fremlegget til budsjett for 2025 er intet unntak.

Det mangler helt åpenbart god økonomiplanlegging.

God økonomiplanlegging utnytter kommunens handlingsrom dersom slikt handlingsrom finnes.

Dersom sunn økonomi gir det politisk handlingsrom, handlingsrommet er pr nå fjernet med direkte årsak i åreis med overforbruk og investeringer ofte fullstendig uten styring og plan.

Men fordi kommunens ressurser er begrenset, er det ikke mulig å gjennomføre alle ønskede tiltak, politisk ansvarlighet tilsier at det må sies stopp til ytterligere investeringer og at rettslige prosesser blir varslet politikerne før administrasjonen iverksetter prosesser som rammer kommunen hard økonomisk.

Økonomiplanlegging handler om å fordele kommunens ressurser på en mest mulig

hensiktsmessig måte for å nå vedtatte mål. Smart og bevisst bruk av ressurser sikrer at handlingsrommet blir utnyttet best mulig, de siste års budsjetter og regnskaper underbygger motsatt og det bør nå samtlige politikere være beviste på og ikke misbruke muligheten til å kreve et nytt og balansert budsjett som sikrer kommunen overlevelsessevne uten å havne under administrasjon.

Økonomiplanlegging og politikk handler altså grunnleggende sett om det samme.

Begge deler dreier seg om å velge mellom konkurrerende tiltak og utnytte ressursene

Side 5 av 9

på best mulig måte. Dette er en forutsetning for at de folkevalgte skal nå de målene de har satt seg.

Disposisjonsfondet var i prinsippet tapt i juni 2024

Disposisjonsfondet er tapt og årsakene slik Osterøy INP leser de siste års

regnskaper og budsjetter har sin utelukkende årsak i overinvesteringer langt utover økonomisk bærekraftig evne.

Uten å henvise feil mot verken administrasjon og politikerne som støtter de ulike tiltak uten å ha nødvendige verktøy til å kunne vurdere de totale økonomiske konsekvenser, så har vedtakene uansett bidratt til dagens situasjon.

Reglene for budsjettering og regnskapsføring av investeringer er gitt i kommuneloven og forskrifter om årsbudsjett og årsregnskap for kommuner og fylkeskommuner.

Disse reglene gir rammene for innholdet i økonomiplanen, investeringsbudsjettet og investeringsregnskapet.

I tillegg til veiledning knyttet til forståelsen av reguleringen, viser denne veilederen også hvordan kommunene kan styre investeringsprosjekter og endringer i

kostnadsoverslag, hvordan framdrift m.v. skal tas inn i økonomiplan, årsbudsjett og årsregnskap samt hvordan dette rapporteres fortløpende til politiske organer.

Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden.

År etter år har det vært skivebom på budsjetteringen, det er på tide å si nok er nok og kreve resultater og budsjettering som synliggjør den faktiske virkeligheten og at dert er realisme i budsjettene.

Økonomiplanen er et obligatorisk rullerende langtidsbudsjett. Formålet med

økonomiplanen er planlegging av kommunens fremtidige virksomhet. Den gir planer for kommunens fremtidige anskaffelse og anvendelse av midler, og viser behovet for fremtidige bevilgninger.

Det mottatte budsjettet fra administrasjonen oppleves som mangelfullt, misledende og er som de siste års budsjetter,, urealistisk og ikke minst så rammer varslede kutt den delen av kommunen som bistår våre barn, våre syke, gravide og andre svake grupper.

Lønnsnivåer som er oppført opplyser ikke kommunens samlede kostnader, men viser til bruttolønninger uten inntatte sosiale kostnader som kan tillegges med 34 % av brutto lønn.

Side 6 av 9

Eksempelvis den nye stillingen som opplyses med en lønn på NOK 850.000 – den samlede kostnaden for kommunen av å betale en bruttolønn på 850.000 er pluss NOK 289.600 som utgjør de såkalte sosiale kostnadene, så reell utgift for kommunen er på 1.139.000 millioner, ikke 850.000.

Det samme gjelder samtlige lønninger i kommunen, sosiale kostnader skal legges til i budsjett for å få de reelle kostnader inn i budsjett. Dersom disse kostnadene ikke er inntatt i budsjetter vil budsjetter være misvisende ovenfor politikerne.

Det er få tiltak som gir de ønskede effekter innenfor budsjettåret, og beslutninger får vanligvis virkninger flere år fram i tid. Befolkningsnedgang over tid og relativt flere brukere i pleie og omsorg med økte behov i en kombinasjon med investeringer langt over økonomisk evne har satt økonomien i Osterøy Kommune under press.

Utgiftene har vokst fortere enn inntektene, låneportofølgen er gigantisk for en liten kommune. investeringslysten har løpt løpsk.

Vi som politikere har ikke tatt det inn over oss i tilstrekkelig grad, i den forstand at vi ikke har gjort nok for å tilpasse oss det vi har sett komme.

Manglende politisk økonomisk særkompetanse og sterk tro på at administrasjonen «vet best», har over tid bidratt til den negative utviklingen, samt bidratt til stadig økende avmaktsfølelse for både administrasjonen og mot politikerne av vanlige folk og ansatte som også nå står i fare for å miste sine arbeidsplasser.

Det varsles at det økonomiske handlingsrom forsvant i administrasjonen sitt budsjettforslag og dermed ser en nå tydelig at vi må legge mer vekt på økonomiplanlegging og at det er viktig å være realistiske når vi ser framover.

For å forstå de økonomiske virkningene av det fremlagte administrativt utarbeidete budsjettet er det nødvendig med en lengre tidshorisont.

Når du løfter blikket og ser noen år framover, oppdager en kanskje utilsiktede virkninger, redusert handlingsrom eller alternative muligheter. Dette mangler i det fremlagte budsjettet som vi antar ukritisk vil bli stemt gjennom av flertallet i Heradstyret i morgen.

Kommunen er hele tiden utsatt for endringer, og de viktigste endringene utvikler seg gjerne gradvis. Et langsiktig perspektiv i en nøktern og edruelig økonomiplanlegging gjør det mulig å forstå konsekvensene av endringer tidlig - som ofte er en forutsetning for å kunne ta gode beslutninger og derfor skulle budsjettet inneholde komplette avdelingsregnskap, reduksjon av alle ikke helt nødvendige investeringer i 2025 og kanskje også for 2026.

Side 7 av 9

Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. Formålet med årsbudsjettet er å gi bevilgninger og vedta finansiering. Årsbudsjettet angir planer for kommunens framtidige anskaffelse og anvendelse av midler for neste år. Men som vi har erfart de siste 4 årene så er også dette budsjettet urealistisk så lenge det ligger inne nye investeringer, det samme er anførselene om økte rente og investeringskostnader, en enkel kalkulasjon viser hvordan kommunen åpenbart styrer seg mot Robek dersom fremlagt budsjett blir vedtatt.

Årsregnskapet skal gi grunnlag for bevilgningskontroll, vurdering av effektivitet og

vurdering av evne til bærekraftig økonomisk utvikling. Formålet med årsregnskapet blir derfor å vise årets kjente utgifter og inntekter i forhold til budsjettet, og derigjennom også kunne vurdere den økonomiske status og stilling. Så langt de siste årene har ikke budsjettet vært i nærheten av kunne sammenlignes med de påfølgende årsregnskapene. Gigantiske underskudd har derimot vært et faktum og vil bli et faktum også for 2025 dersom fremlagte budsjett blir vedtatt og nå er i tillegg disposisjonsfondet brukt opp. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak kan og bør utsettes og kreves utarbeidet på nytt med følgende endringer:

- Full stopp i investeringer utover det absolutt mest nødvendige.

- Ingen kutt i helse, omsorg, skole og barnehage

- Jordmorstillingen beholdes som en 100% stilling
